

K-POSTEN

ÅRGANG 19, NUMMER 2

EKSTRAUTGÅVE MARS 2016

Folkerøysting

Gode Naustedøler

4. april er ein viktig dato for Naustdal Kommune; innbyggjarane i Naustdal skal gje råd til Naustdal kommunestyre.

Kvar og ein av Dykk skal vere med å gje di stemme til kommunestyret, om Naustdal framleis skal vere eigen kommune eller om Naustdal skal verte ei grend i ein ny Sunnfjordkommune.

Naustdal Kommune har ei lang og rik historie som eigen kommune, heilt frå 1896 til i dag. Skal Naustdedøler styre Naustdal i framtida? Skal Naustdal verte styrt av eit nytt kommunestyre i ein ny storkommune?

Det er mellom anna dette kommunereforma handlar om.

Det skal vere folkerøysting 4. april for alle fødd før 31.12.2000. I tillegg legg vi opptil ei innbyggjarhøyring i juni fordi då veit vi meir om det vert endringar i inntektssystemet.

4. april skal det røystast over følgjande spørsmål:

Alternativ A : Ja Naustdal Kommune slår seg saman med ein eller fleire av følgjande kommunar: Flora, Jølster, Gaular og Førde.

Alternativ B: Ja Naustdal Kommune slår seg saman med ein eller fleire av følgjande kommunar: Jølster, Gaular og Førde.

Alternativ C: Nei Naustdal Kommune slår seg ikkje saman med andre kommunar.

Det er viktig at du stemmer ved folkerøystinga 4. april. Det er viktig du ikkje overlet til andre kva du vil med Naustdal Kommune si framtid. Di stemme er eit råd til Naustdal Kommunestyre som til slutt skal ta den endelege avgjerda, om Naustdal Kommune framleis skal heite Naustdal Kommune eller om Naustdal skal verte ei grend i ein ny Sunnfjordkommune. Avgjerda om dette vil kommunestyret gjere innan utgangen av juni månad.

Bruk stemmeretten din.

Godt val!

Helsing
Håkon Myrvang
ordførar

Kven skal styre Naustdal i framtida?



No står vi ovanfor eit vanskeleg og avgjerande val for framtida til

innbyggjarane i Naustdal. Mange har allereie bestemt, for eller i mot kommunesamanslåing, medan andre kanskje søkjer meir informasjon før dei bestemmer seg.

Kommunen leverer gode tenester til innbyggjarane, vi får positive tal både på kommune- og folkehelsebarometeret på nesten alle fagområda. Likevel er vi under eit sterkt press frå regjeringa om å gå inn i ein storkommune. Uvissa kring framtidige statlege overføringar til kommunen gjer ikkje valgsituasjonen lettare. Og i tillegg kjem og uvissa kring Regionreforma.

Dei områder som er peika på som dei viktigaste når det gjeld kommunesamanslåing er basistenster, næringsutvikling og arbeidsplassar.

Kan vi rekne med at tenestene til innbyggjarane blir like gode i ein storkommune? Og korleis vektar du nærleiken til tenester du nyttar deg av?

Di større kommunar til mindre tilfredse er innbyggjarane med kommunen sine tenester innanfor pleie- og omsorg, sosial omsorg, oppvekst og grunnskule. Noko av årsaka til dette er at i mindre kommunar kan ein lettare påverke og medvirke til utvikling av tenestene. Og dei som mottek og yt tenester har betre kjennskap til kvarandre og slik vert kontakt og kommunikasjon mellom innbyggjarane, politikarar og administrasjon enklare i småkommunar, ”nærhetseffekten”.

Naustdal kommune er om lag 6 mil lang; 3 mil fjord og 3 mil dal. Vi har fantastiske friluftsområde på fjell og ved sjø, eit aktivt

landbruk, vi har busetnad i heile kommunen, vi har ein dugnadsånd som er enormt verdifull, ikkje berre for å få arrangement og prosjekt gjennomført, men det har også ein stor verdi for livskvaliteten til oss som ”kvardagsmenneske”. Vi har eit samfunnsengasjement i Naustdal som ligg over landssnittet, noko som og speglar valdeltakinga.

Korleis vert næringsutviklinga i Naustdal i ein ny storkommune?

Erfaring viser at folkeveksten vert lavare i kommunar som mister kommunesenteret. Forskning viser og at satsing på næringsutvikling vert lavare med eit stort kommunesenter kontra det å ha kommunar med eigen kommuneøkonomi.

Ja vi ligg geografisk nær omkringliggende kommunar som det *kan* vere aktuelt å slå seg saman med. Erfaring viser at der kommunesamanslåing har vore vellukka når det har vore tufta på frivilligheit, og der kommunane gjennom mange år har kome fram til gode samarbeidsavtalar til beste for innbyggjarane, som igjen gjev eit godt eigarskap til prosessen. Mange oppfattar dagsens prosess som både forhasta, uoversiktleg og med altfor mange ukjente faktorar.

Det heiter seg at det er vanskeleg å spå – særleg om framtida. Ved folkerøystinga 4. april må vi difor fatte vår beslutning tufta på erfaring og forskning som er gjort frå tidlegare kommunesamanslåingar, både i Norge og våre naboland og i tillegg gjennom vår eigen magefølelse.

Godt val!

Naustdal Arbeidarparti
gruppeleiar
Annlaug Birkeland

Kjære Naustedøll!

Som lokalpolitikarar er vi opptekne av gode tenester til innbyggjarane. Vi jobbar med samfunnsutvikling for å styrke folkevekst og næringsvekst slik at vi får inntekter å drive tenestetilbodet. Kva er så utfordringane?

Folketalsutviklinga

Fylke	2016	2015-2016	2011-2016	2006-2016	1996-2016
Møre og Romsdal	265 290	0,6%	4,5%	8,3%	10,1%
Sogn og Fjordane	109 530	0,3%	1,7%	2,7%	1,7%
Hordaland	516 497	1%	6,7%	14,1%	21,5%

Naustdal var folkevekstvinnar i 2013 og 2015, og det er vi glad for. Vi har vist i praksis at godt planarbeid for mange gode tomteområde, ny skule og barnehage, fleirbrukshall og flott uteareal på Sanden gjere oss attraktive for tilflytting. Vi har utnytta våre fortrinn. Men vi kan ikkje sjå på denne veksten utan å sjå på realitetane rundt folketalsutviklinga i regionen.!

Men hadde vi hatt denne folkeveksten utan veksten i arbeidsplassar i Førde og Florø?

Sunnfjord har positivt fødselsoverskot, men negativ innanlands flytting. Det er innvandringa som bidreg mest til positiv folketalsutvikling. Men vi kan ikkje sjå vekk i frå at vi taper i forhold til naboane våre, og det gjere at vi stadig får mindre pengar å drive tenester for. I tillegg til at vi mister dei unge, så aukar også talet på eldre. Dette gjev oss utfordringar i framtida, og større utfordringar enn naboane som har ei anna folketalsutvikling.

Arbeidsplassutvikling og næringsstruktur

I Norge har talet på arbeidsplassar auka med 17,2% sidan år 2000. Hos oss er veksten på 3,7%. Det har vore nedgang i talet på arbeidsplassar i privat sektor på 0,2% i Sogn og Fjordane og ein vekst på 15,9% i Norge.

Vi har altså nedgang i den sektoren som skapar verdiane og skal gje bærekraft.

Tilbakegangen kan tyde på eit behov for å auke innovasjonstakta, og ein større kommune kan truleg i større grad ha kapasitet og kompetanse til å vere ein støttespelar for utvikling av basisnæringar gjennom heilskapleg næringsstrategi, partnerskap mellom næringsliv, offentleg sektor og kunnskapsmiljø. Ein vil ha større ressursar og kapasitet til plan og utviklingsoppgåver, samt breiare kompetanse til næringsutviklingsarbeid.

Veksten i arbeidsplassar i Sogn og Fjordane har kome i offentleg sektor med 11,7%. Det er positivt med tanke på å skaffe arbeidsplassar for to, og for å utvikle sterke kunnskapsmiljø med breidde i ulike fagprofesjonar. Det gjev også tilflytting.

Vi trur at vi kan få fleire oppgåver frå stat og regionnivå som ein større kommune. Dette vert enda viktigare dersom Sogn og Fjordane vert ein del av ein større Vestlandsregion.

Kvardagskommunen

Vi bur i ein kommune, arbeider i ein annan og deltek gjerne i kulturlivet i fleire kommunar. Som Sunnfjordingar er det viktig for oss kva som skjer i Førde og Florø sjølv om vi bur i Naustdal. Vi er både Naustedøler og Sunnfjordingar på same tid. Manglande samsvar mellom administrative og funksjonelle inndelingar gjer det heilskaplege arbeidet med samfunnsutvikling dårlegare med fleire kommunar i eit godt integrert bu- og arbeidsområde. Det vert ineffektivt at 5 kommunestyre skal handsame dokumenta, og det kjem klare råd om å ikkje endre så mykje som eit punktum fordi ein då må gjere arbeidet på nytt. Er det slik vi vil ha det? Skal vi som Naustedøler ikkje ha påverknad på utviklinga i kvardagsområdet vårt?

Kapasitet og kvalitet

Dei seinare åra har kommunane fått mykje meir ansvar og nye oppgåver. Vi veit at små kommunar slit med å klare å stette alle krav til tidsfristar og for å halde seg oppdatert. Når ein person gjerne har ansvar for fleire område og oppgåver, er det vanskeleg å vere god på alle område. Dersom ein vert sjuk, er det ingen som kan ta over eller avhjelpe. Innbyggjarane sine forventingar og krav til effektivitet og kvalitet har auka, og dette er vanskeleg for små kommunar å møte. Det er heller ikkje kapasitet til å drive utviklingsarbeid eller kompetanseutvikling. Med ein slik kvardag, så kan ein vanskeleg seie at innbyggjarar i Norge får same tilbodet, sjølv om mange seier dei er fornøgd. Dei neste generasjonane er truleg ikkje fornøgd med mindre enn andre.

Vi kan nemne mange andre område, men dei vi har nemnt no er viktige utfordringar. Les gjerne **Utfordringsdokumentet** for Sunnfjord, og **Regional analyse for Sogn og Fjordane 2015**. Desse peikar på dei områda vi må løyse for å sikre tenestetilbodet i framtida.

Naustdal Høgre har eit klart JA standpunkt til kommunesamanslåing Vi treng eit sterkare vekstområde i Sunnfjord. Ein storkommune med fleire sentra står sterkare og det vert spanande å sjå om Florø vil vere med. Mange Naustedøler har allereie både Florø og Førde som sin kvardagskommune.

Det er viktig at du som innbyggjar seier kva du meiner og stemmer 4. april. Godt val!

Anne-Britt Øyra - Varaordførar og leiar Naustdal Høgre

Samanslåing eller samarbeid?

Mykje er diverre ikkje avklara når alle over 16 år i Naustdal kan seie meininga si om kommunesamanslåing måndag den 4.april. Saka skulle ha vore utsett. Eit nytt inntektssystem skulle ha vore på plass, og det skulle ha vore avgjort om Sogn og Fjordane framleis skal vere eit eige fylke i framtida. Ein veit heller ikkje kva oppgåver kommunane får i framtida. Kommunereforma har vorte ei tvangsreform. Berre det er ein grunn til å legge nei-setelen i valurna den 4. april.



Av Åsmund Berthelsen, leiar i Naustdal SV og medlem i kommunestyre og formannskap

SV i spissen for folkerøysting

SV fekk etter kvart fleirtal for folkerøysting i kommunestyret. No kan folk avgjerde sjølve om dei vil ha ei meining, og kva dei vil meine. Vi tykkjer det er svært positivt at ungdomane får høve til å røyste. Slik bør det vere ved alle val.

Naustdal SV håpar på eit klårt råd både gjennom stor oppslutning og eit klårt fleirtal for eit av alternativa. I SV er vi samstemte i synet på kommunereforma, men i paritet er det ulike syn på om det er rett av Naustdal å gå inn i ein større kommune.

Sentralisering og privatisering

Dei verkelege grunnane til at regjeringa og støttepartia vil ha ei storstilla kommunesamanslåing er effektivisering, sentralisering og kommersialisering, det vil seie privatisering og marknadsretting av dei offentlege tenestene. Ein av støttespelarane til regjeringa, Næringslivets Hovudorganisasjon seier det rett ut: "Små kommuner gjør det vanskelig å tjene penger på å drive velferdstenester."

Kommunereforma bygger på trua om at samanslåingar og større einingar gjev betre vilkår for utvikling og vekst, ja løyser stort sett alle problem. SV trur ikkje at større einingar er løysinga på alt. For det fyrste syner forskning at

dei fleste samanslåingar mislukkast. For det andre syner også forskning at samanslåingar til større einingar har mange negative konsekvensar: framandgjerding, større avstand mellom styrande og dei som vert styrte, meir byråkrati og meir makt til byråkratiet. Og no har også økonomane funne at store einingar ikkje alltid er dei mest effektive. For kva skjer med engasjement og initiativ ved samanslåingar? Professor i økonomi, Olav Kvaløy meiner at "Små enheter som blir spist av store, mister initiativ og investeringslyst." (Dagens Næringsliv - 4.9.15) Kvifor trenger ikkje denne kunnskapen inn hjå dei som seier at avgjerdene skal vere kunnskapsbaserte? I Naustdal er vi svært avhengige av folk sitt engasjement og friviljuge innsats for å drive tenester og utvikle kommunen.

Etter pensjonsavtalene er vi lova å behalde alle grunntenestene, og det skal framleis vere lys i kommunehusa. Men kor mykje er dette verdt når pengane også i ein større kommune ikkje strekk til, og det skal prioriterast? Tenestetilbodet vil etter kvart vil bli sentralisert. Den politiske makta er flytta!

Må berre

Økonomi og kapasitet er stikkord for grunnar til at Naustdal må slå seg saman med andre kommunar. Økonomi fordi fleirtalet i kommunestyret har styrt kommunen inn i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon. Dette kjem i tillegg til at Naustdal kjem svært dårleg ut i framlegget til nytt inntektssystem. Kapasiteten går på om kommunen har nok folk og folk med den rette kompetansen på ein del fagområde. Vi manglar fagmiljø og evne til å drive eit aktivt utviklingsarbeid både innan oppvekst, utdanning, pleie, omsorg og samfunnsutvikling. Engebøsaka er eit døme på at kommunen var heilt avhengig av selskapet sjølv og andre som ivra sterkt for utbygginga. Med ein storkommune ville kanhende også utfallet vorte eit anna, og betre.

Utvida samarbeid er eit alternativ

Framfor å slå saman er det eit alternativ å utvikle samarbeidet i Sunnfjord. SV trur fleire små, samarbeidande kommuinar står sterkare enn ei stor samanslått eining. Det å ha fleire miljø med engasjement, innsatsvilje og færre interessekonflikta, vil kunne møte framtida vel så godt som ei stor, sentralisert eining.

Kommunesamanslåing vi må leve med, eller?

Naustdal kommune er ein kommune med 2800 innbyggjarar, vi har hatt flat befolknings utvikling dei siste 30 åra. Vi har ei rekke kommunale tenestetilbod, dei lov pålagte tenestene utgjer hovuddelen av drifta, men vi har og satsing på kultur og aktivitetstilbod i kommunen som ikkje er lovpålagde. Vi har eit eige budsjett, i dette budsjettet finn vi rom for drift, investering og andre ting vi ynskjer å prioritere. Og innbyggjarane har kvart fjerde år høve til å seie si meining om korleis Naustdal Kommune skal driftast og utviklast, gjennom deltaking i kommunevalet.

I det store og det heile meiner Senterpartiet kommunen har utviklingspotensiale innan for dei økonomiske rammene ein kommune i vår storleik har. Og vi har definitivt ei framtid som eigen kommune.

Spørsmålet er om det blir betre eller verre dersom vi slår oss saman med andre, og ikkje mist kor mange vi må slå oss saman med.

Det mest grunnleggande for oss som bur i Naustdal i ein samanslåings-situasjon må vere å sikre at Naustdal, fjorden, dalen og sentrum, vil vere kjende område for folk, politikarar og administrasjon innan for den nye kommunen, og slik Senterpartiet ser det vil sjansen for det minske jo større kommunen blir. Som tillegg til dette vil det vere essensielt at vi i ein ny kommune har rom for å prioritere både sentrum og periferi.

Stor kommune eller middels kommune ?

Bildet som teiknar seg om det skulle bli kommunesamanslåing er ein Indre-Sunnfjord kommune, med fire kommunar, eller ein Sunnfjord kommune med Flora og det som fort kan bli to eller fleire kommunar i HAFS.

Av desse to alternativ er Senterpartiet sikre på at Indre-Sunnfjord alternativet vil vere best for den framtidige utviklinga av Naustdal.

Alternativet vil sikre oss politisk påverknad, det vil sikre oss at periferien til Førde har like mange innbyggjarar som Førde by, som blir det nye sentrumet for kommunen. Vi vil dermed ha ei god likevekt mellom by og land.

Ei samanslåing der Flora kommune er med på lasset, kan vere ei løysing der regionen kjem styrka ut, Senterpartiet er framleis ikkje overtydd om den spekulasjonen er riktig. Vi meiner at ei samanslåing med byane Førde og Florø vil dreie fokuset til å handle om desse to sentra, medan periferien må kjempe hardt for å bli høyrte. Avstandane i den nye kommunen vil og bli store.

Senterpartiet ynskjer å forvalte samfunnet i eit langsiktig perspektiv. Det vi må ta stilling til no er kva kommunestruktur som er riktig for i morgon og dei neste ti-åra, og Senterpartiet si haldning er klår på at ein «kjempe-kommune» i Sunnfjord er det ikkje tid for no, medan ei samanslåing i Indre Sunnfjord kan vere ei god løysing.

Det er mange andre element vi kunne tatt med, men i interesse av å gje råd om dei ulike alternativa har vi gjort innlegget spissa og konsist.

Kort fortalt:

Senterpartiet meiner dei to reelle alternativa er enten å stå aleine, eller ei samanslåing av Naustdal med ein eller fleire av følgjande kommunar Jølster, Gaular og Førde.

Senterpartiet er imot det største alternativet, som har med Flora kommune.

Senterpartiet vil sjå på resultatet i folkeavrøystinga som bindande.

Naustdal Senterparti

Ved

Lokallagsleiar Viggo Leikanger

Gruppeleiar Erlend Haugen Herstad

Nye tider krev nye og framtidsretta løysingar.

Det er på tide å tenke nytt når det gjeld kommunestruktur i kongeriket og korleis vi innrettar oss for å få mest mogleg



bærekraftige løysingar for framtida. Historia viser at det kan lønne seg å tenke nytt med jamne mellomrom. Den siste store endringa på kommunestruktur her i landet hadde vi på 60-talet, ei vellukka reform på alle måtar. Det er nesten ikkje mogleg å tenke seg at ein går tilbake til den kommunestrukturen som vi hadde før denne reforma gjorde sitt inntog. På dei litt over 50 åra som har gått sidan den gang har vi hatt nokre få mindre justeringar. Leikanger kommune har «gitt frå seg» sørsida til Vik kommune. Holmedal har blitt ein del av Askvoll og Fure har blitt ein del av Fjaler. I denne samanhengen kan det vere naturleg å sjå til kva som ligg bak desse justeringane. Etter vårt syn er det sunt bondevett og opplagte naturlege løysingar. Det er lettare å komme seg frå Fresvik og Feios til Vik med bil enn det er å komme seg til Leikanger med båt. Det tvingar seg fram gjennom menneskeskapte endringar som nye måtar å kommunisere på og nye former for transport.

Liknande argument må danne grunnlaget for korleis vi tenkjer nytt i høve til det som skal komme. I dei reformpolitiske dokumenta snakkar ein om å sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane, samt at Indre Sunnfjord skal vere ei drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane. Det skulle berre mangle, Indre Sunnfjord er den mest folkerike regionen i fylket med den største byen. Poenget er berre det, at denne byen er like avhengig av kommunane rundt som kommunane rundt er avhengige av byen. Slik sett er vi praktisk talt slått saman allereie. Det er berre kommunegrensene som skil oss. Kvifor er det

slik at når store delar av innbyggjarane i Naustdal og dei andre kommunane rundt pendlar til og arbeider i Førde ikkje skal ha noko å sei i høve til korleis politikken i den mest sentrale staden i dette felles arbeids- og buområdet skal utformast? Vi seier som Atle Hamar i Firda: I Indre Sunnfjord ligg det til rette for samanslåing og det er svært viktig for både regionen og fylket å få etablert denne motoren i Sogn og Fjordane. Sånn sett er vi heldige. Vi har eit godt utgangspunkt for samanslåing og det er få plassar i fylket vårt der alt ligg så godt til rette for kommunesamanslåing som akkurat her.

I høyringsnotatet «Forslag til nytt inntektssystem for kommunene» snakkar ein om at det skal gjerast endringar i kompensasjon for smådriftsulemper, slik at det ikkje lenger blir gitt full kompensasjon for frivillige smådriftsulemper. Kriteria som utløyer denne kompensasjonen er omtala i det same dokumentet og vi les i media at svært få kommunar i fylket vil komme inn under kompensasjons-ordninga. For kommunane i Indre Sunnfjord er det heilt uaktuelt blant anna fordi vi ligg så nær Førde. Dette handlar om økonomi, og økonomi er sjølvsagt viktig for ein kommune. Men det er ikkje alt som handlar om økonomi. Vi er overtydde om at ei kommunesamanslåing i Indre Sunnfjord vil føre til at vi ser regionen vår med nye auge. Vi vil få styrka det faglege nivået og tenesteytinga i kommunal sektor ved at vi bygger større fagmiljø og einingar, samtidig som vi vil kunne ruste oss til dei auka krava om spesialisering av tenester. Dette handlar om at vi saman ser muligheitene for Indre Sunnfjord som region. Saman er vi fleire og sterkare. Vi har stor tru på at vi saman kan sjå fleire og betre løysingar for den flotte regionen vår enn det vi greier å sjå kvar for oss. Nokre meiner at det er ei sterk grad av sentralisering i dette, og at kommunane rundt Førde vert utkantar. Vi er ikkje så redde for det. Som det går fram av intensjonsavtalen vil vi behalde gode helse- og skuletjenester i Naustdal også etter ei eventuell samanslåing. Like fullt er det viktig at

politikarane frå kommunane rundt melder seg på i den politiske debatten og bidreg i det nye politiske landskapet. Bruk røysteretten din under folkerøystinga den 4. april og stem for forslaget «Liten SIS» med kommunane Førde, Naustdal, Jølster og Gaular som alternativ.

Går kommunekabalen opp?

KrF har vel tradisjonelt ikkje vore kjende for kabalspel. Det kan likevel vere eit bra bilete: eit spel som bør gå opp. Kven skal høyre saman, kva kommunar skal vere aleine, kven vil ein spele vidare med. Skal ein i det heile spele. Er det pengespel?



Krf sitt styre ynskjer ei samling av kommunane i indre sunnfjord. Så mykje er det vel eit pengespel, at kort avstand til neste kommunesenter gjev mindre i kassa. Med kort veg frå Naustal sentrum til Førde sentrum, er det vel lite å hente her. Kanskje vi skjønar litt av dette når Solund vil spele aleine.

Bremanger har spelt og tapt. Dei klaga på enkelte spelarar, og medan dei venta på klageresultatet satsa dei fortsatt på Bingo, og vart det vinst ville dei ikkje dele. Det vart ikkje vinnarlodd, og då kan det hende dei får spele ein runde til, og invitere Flora med .

Enkelte i Naustdal vil spele saman med Flora, reknar med meir gevinstar der. Men

Flora har også tilbakegang i folketal i mange grender, og sett i verk tiltak etter det. Kanskje spelestilen til den eine ikkje er betre enn hos den andre.

Skal vi velje lag , og ta Flora med på laget likevel? Vi kan bli store og sterke, vinne det meste. Men lag kan bli urettferdige veit vi. Fjaler vil også vere med då? Og då minkar det vel på spelarane i ytre sørvende strok.

Kjøp og sal,-som yrke og som handelstad, har naustedølene hatt god tilgang til i Førde. Kanskje vi skal halde fram med dette. Lensmann og prest har vi stort sett hatt saman også. Så får ein ta ein ekstra runde etterpå på lokalisering, arbeidsoppgåver og stillingar. Så får ein også prøve å samkøyre regelverk for opningstider etter kvart.

Døme på andre oppgåver ein løyser i fellesskap no er næringsaker, data, renovasjon. Vi trur at samarbeid ofte er ei meir krevande øving enn å slå seg saman.

Vi kjenner ikkje vinnaren i eit spel som ikkje er starta, der reglane framleis ikkje er klare, og pengepremien uviss. Men styret i Naustdal Krf ser det likevel som det sikraste å slå fylgje til Førde. Dei har til og med bygt seg nytt hus som også har plass til oss, i tillegg til jølstringane og gaulværingane. Koden for dette svaret heiter visst liten SIS. Så får vi sjå kva framtida vil gje oss.

Ting endrar seg uansett, om ein er med i spelet eller ikkje



TELEFONLISTE FOR NAUSTDAL!

Kommunehuset: 57 81 61 00

(Plan og næring, Kultur,
service, tekniskdrif, rådmann)

Legesenteret: 57 81 60 20

v/akutt behov: **Legevaktsentralen 11 61 17**

Legesenteret etter 15.30: 57 83 01 13

Helsesøster: 57 81 60 37

Jordmor: 57 81 60 36

Tannlege: 57 81 91 93

Heimesjukepleien: 57 81 62 13

Fysioterapi: 57 81 88 22

Psykisk helse: 57 81 61 09

Psykomotorisk fysioterapeut Ida Rump: 57 81 89 99/ 97 58 21
45

Kiropraktor Eigil Instebø 99 48 83 73

Naustdal Sjukeheim: 57 81 62 00

Politi: 57 72 37 00

Brann: 57 72 20 78

Kyrkjekontoret: 57 81 82 40

Biblioteket: 57 81 63 11

Flyktningekonsulent Hilde Gartland: 57 81 61 06 / 45 60 60 96

Brøytevaktnummer

Naustdal kommune : 94 17 05 15

(gjeld i perioden 01. des – 31. mars)

Frivilligsentralen: 57 81 61 44 / 99 55 38 45

Naustdal Røde Kors Hjelpkorps : 94 82 85 85

SKULER.

Naustdal barne og

Ungdomsskule: 57 81 63 00

NBU Horstad: 57 81 61 85

Vevring: 57 81 61 60

SFO

Naustdal: 90 72 07 03

Vevring: 46 82 52 24

BARNEHAGAR.

Naustdal Idrettsbarnehage as 41 65 18 00

Lunden: 57 81 61 70

Vevring: 97 95 10 04

